



# Kunstpolitikk

for Møre og Romsdal



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innhald

Innleiing.....	2
Kulturlova – rolla til fylkeskommunen.....	2
Avgrensingar og sentrale omgrep .....	3
Profesjonell kunst i Møre og Romsdal i dag .....	4
Ønska utvikling for profesjonell kunst i Møre og Romsdal.....	8
Satsingsområde og strategiar .....	8

## Innleiing

Kunst er ei viktig drivkraft for regional samfunnsutvikling, og ikkje minst ein sentral fellesskapsbyggjar. Kunst skaper og utviklar verdiar i samfunnet i vid forstand. Ut over økonomi, er verdiskapinga knytt til identitet, kompetanse og kunnskap, meningsdanning og oppleving.

Kunstopolitikk for Møre og Romsdal skal vere retningsgivande for fylkeskommunen sine prioriteringar i arbeidet med dei profesjonelle kunstfeltet, og identifiserer tre satsingsområde med tilhøyrande strategiar:

1. Produksjon og formidling
2. Utdanning, forskning og innovasjon (FoI)
3. Entreprenørskap og næringsutvikling

Til grunn ligg ei brei kunnskapsinnhenting. Viktige kjelder har vore Kulturindeks og anna talmateriale, stortingsmeldingar og nasjonale utgreiningar for kunst- og kulturfeltet. Vidare møte med Kulturrådet, Kreativt Norge, Bergen kommune, Hordaland og Nordland fylkeskommunar, saman med innspel frå kunstfeltet i to arbeidsmøte, samtalar og i digitale kanalar. Det er utarbeidd ei oppsummering av dette arbeidet, som ligg på [mrfylke.no](http://mrfylke.no)

Arbeidet med kunstopolitikk er forankra i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017 – 2020 og i Handlingsprogram for kultur 2017 (U-13/17).

### Kulturlova – rolla til fylkeskommunen

«Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd» med kortnamnet «Kulturlova», vart vedteke i 2007 og gir tydelege retningslinjer i tråd med UNESCO sin konvensjon frå 2005 om å verne og fremje eit mangfald av kulturuttrykk. Loven stadfester både fylkeskommunar og kommunar sitt ansvar for å «... syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit bredt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.» (§4) Vidare skal fylkeskommunen etter lovens §5 sjå til:

- at kulturlivet har føreseielege utviklingsvilkår
- å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,
- at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar for økonomisk støtte og andre verkemiddel og tiltak

Fylkeskommunen har med utgangspunkt i sine regionale særtrekk, sin regionale kompetanse og infrastruktur utvikla ein meir sjølvstendig kulturpolitikk. Dette i tråd med rolla som regional utviklingsaktør og løyvande myndigheit. Verkemidla er i stor grad delt inn i tre ulike kategoriar, kor fylkeskommunen skal leggje til rette for og samordne økonomiske løyvingar, kompetanseutvikling og ulike former for samarbeid eller partnerskap.

I samband med regionreforma er det grunn til å vente endringar innan fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar også for kunst- og kulturfeltet. Om regjeringa legg ekspertutvalet<sup>1</sup> sitt forslag til grunn for vedtak, vil fylkeskommunen få nytt ansvar og nye oppgåver knytt til blant anna kunstinstitusjonane, investeringsmidlar og tilskot. Reforma trer i kraft 1.1.2020.

---

<sup>1</sup> [Regionreforma – Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene](#)

## Avgrensingar og sentrale omgrep

### Profesjonell kunst

Kunst blir her forstått som resultatet av ein kunstnar sitt arbeid (åndsverk), både produksjonar og verk innan musikk, scenekunst, litteratur, visuell kunst og film – og formidlinga av desse. Kunstuttrykka opera, teater og dans ligg inn under scenekunst, medan arkitektur, design og kunsthandverk ligg inn under visuell kunst. I tillegg kjem opplæring og utdanning knytt til uttrykka. Til sist viser omgrepet til publikum som skal oppleve og tileigne seg kunsten.

I omgrepet profesjonell kunst legg fylkeskommunen at kunstnaren har kunstutdanning på universitets- og høgskulenivå, eller at ein kan dokumentere tilsvarande kunstfagleg realkompetanse og profesjonell verksemd.

Ved tildeling av stipend til profesjonelle kunstnarar legg ein i tillegg vekt på kvalitetar som til dømes:

- Medlemsskap i profesjonsorganisasjon
- Tidlegare sceniske prestasjonar, utgjevingar og produksjonar
- Tidlegare offentleg arbeidsstøtte eller kunstnarstipend<sup>2</sup>

For visuell kunst er også desse kvalitetane viktige:

- Deltaking på offentlege og juryerte utstillingar for det visuelle feltet
- Innkjøp gjennom offentleg innkjøpsordning, inkludert museum og andre av privat karakter
- Utsmykkingsoppdrag

### Kunstpolitikk

Kunstpolitikk for Møre og Romsdal omhandlar profesjonelle kunstmiljø, dei profesjonelle kunstnarane og deira publikum. Politikken blir utforma i tråd med regionale behov og i lys av nasjonale og lokale satsingar, og skal medverke til å styrke kontakten mellom kunstnaren og samfunnet.

Vidare skal kunstpolitikken sikre heilskapleg utvikling av eit mangfald av kunstnarlege uttrykk – slik at stadig fleire kan produsere, formidle og oppleve kunst. Den skal også leggje til rette for samanheng mellom offentlege verkemiddel og stimulering frå den private marknaden.

Kunstpolitikken skal medverke til at fleire kan bu og leve av kunsten sin i Møre og Romsdal. Det betyr at ein gjennom både offentlege og private økonomiske løyvingar, kompetanseutvikling og samarbeid skal medverke til fagleg utvikling og eit breiare økonomisk grunnlag for den profesjonelle kunsten i fylket.

---

<sup>2</sup> Dette er dei same indikatorane som vert nytta av Kulturrådet.

## Profesjonell kunst i Møre og Romsdal i dag

Talet på kunstnarar og deira kunstnarlege verksemd verker inn både på det lokale kulturlivet i kommunane og den kunstnarlege kvaliteten til kunstnarane. I Møre og Romsdal er det 522<sup>3</sup> kunstnarar, om lag to kunstnarar per tusen innbyggjarar, og ein kunstnartettleik som ligg 51 prosent under landsgjennomsnittet. Samtidig har delen kunstnarar auka med seks prosent frå 2010, medan det på landsbasis ikkje har vore endring.

Musikk er det største kunstfeltet i Møre og Romsdal. Ålesund symfoniorkester, Ålesund Strykekvartett, fylkeskommunen si Møremusikarordning og Operaen i Kristiansund sin Sinfonietta er døme på institusjonar som gir arbeid til profesjonelle musikarar i Møre og Romsdal. Av kunstnarbefolkninga i Møre og Romsdal er 342 musikarar og komponistar, 66 prosent av totalen, nasjonalt er denne delen 58 prosent. Inntektsgrunnlaget for desse er oftast samansett av kunstnarleg inntekt og kunstnarleg tilknytt inntekt i form av til dømes undervisning. Både institusjonane og musikarane sjølve peiker på at ein slik kombinasjon er krevjande, og at dei ofte opplever interessekollisjon mellom tid avsett til utøvande verksemd versus tid til undervisning. Fleire melder behov for større moglegheit til utøvande verksemd, ei problemstilling kjent innan fleire av kunstfeltene.

Scenekunst er ein fellesnemnar for kunstuttrykka teater, dans og opera<sup>4</sup>, både den institusjonaliserte og den frie scenekunsten. Dei to største scenekunstinstitusjonane i fylket er Operaen i Kristiansund og Teatret Vårt, begge med ansvar for å formidle profesjonell scenekunst i Møre og Romsdal. Begge institusjonane opplever utfordringar knytt til si rolle, til dømes gjennom mangel på gode scener rundt om i fylket. Dette er ei stor utfordring for den turnerande verksemda til Teatret Vårt, medan Operaen i Kristiansund har behov for langt meir funksjonelle og tidsriktige lokalitetar for framtidig vekst og utvikling av sine produksjonar og sitt publikum.

Av dei 522 kunstnarane busett i Møre og Romsdal i 2015, var 129 visuelle kunstnarar. Den visuelle kunsten har vore gjennom store endringar de siste tiåra. Det gjeld utvikling av ny kunstnarleg praksis, nye uttrykk og produksjonsmåtar, andre formidlingsformer, nye arenaer og anna organisering av det kunstnarlege arbeidet. Kunstmuseet KUBE og Møre og Romsdal Kunstsenter er døme på to institusjonar som har ansvar for å fremje kunstnarlege interesser og formidle biletkunst, kunsthandverk, design og arkitektur.

Bjørnsonfestivalen, Nynorsk kultursentrum/Dei nynorske festspela og Midtnorsk forfattersentrum er døme på sentrale aktørar i det profesjonelle litteraturfeltet i Møre og Romsdal. Saman med folkebiblioteka og Den kulturelle skulesekken, er desse viktige aktørar for å styrke kontakten mellom den profesjonelle forfattaren og hans publikum. Det bur i dag 22 forfattarar i fylket.

Når det gjeld film, har Møre og Romsdal fylkeskommune sidan 2010 hatt samarbeidsavtalar med Vestnorsk Filmsenter, Western Norway Film Commission og Filmfondet Fuzz AS/Mediefondet Zefyr AS (frå 2016). I perioden 2009 – 2017 har 24 spelefilmar vore heilt eller delvis innspela i fylket, både nasjonale og internasjonale produksjonar. I tillegg kjem dokumentarar, kortfilmar og tv-seriar/tv-filmar.

---

<sup>3</sup> [Fylkesstatistikk, tal frå 2015](#)

<sup>4</sup> Sjå [Stortingsmelding 32. \(2007 – 2008\)](#), «Bak kulissene»

## Kunstfagleg utdanning

For elevane i vidaregåande skule har Møre og Romsdal eit breitt tilbod innan dei kunstnarlege og kreative fagretningane musikk, dans, drama, design og handverk, kunst, design og arkitektur. Hausten 2018 startar Molde vidaregåande skole eit tilbod om landslinje for jazz, og både Fagerlia og Atlanten vidaregåande skole gir elevane tilbod om studiespesialisering med dans i tillegg til musikk og drama. Surnadal vidaregåande skole vil tilby toppidrett dans frå hausten 2018. Tilboda er viktige med omsyn til rekruttering av framtidige kunstnarar i fylket.

På fagskulenivå tilbyr Ålesund Kunstfagskole kunstfagleg utdanning innan biletkunst og design. Toårig utdanning frå kunstfagskulen kan vere starten på ei bachelorgrad i kunst eller design, då denne kan byggjast på med to nye år ved Duncan of Jordanstone College of Art and Design (DJCAD) i Skottland. Stortingsmelding 9 (2016 - 2017) «Fagfolk for fremtiden»<sup>5</sup> melder ei satsing på fagskuleutdanning blant anna ved å likestille fagskuleutdanning med høgare utdanning gjennom overgang frå fagskulepoeng til studiepoeng. Dette vil også gjelde Ålesund kunstfagskole. Frå 2019 får fylkeskommunane forvaltningsansvaret for alle offentlege og private fagskular i samband med fordeling av rammetilskotet frå staten.

I samband med prosjektet for etablering av Campus Kristiansund, har fylkeskommunen gitt innspel på at kultur bør vere eit satsingsområde for den vidare utviklinga av Campus Kristiansund<sup>6</sup>. Rammevilkåra tilseier at campus-prosjektet kan byggje eit kompetansesenter for kunst-, kultur og kreative næringar gjennom å kople saman miljø for utdanning med forskning, næringsliv og tyngre kulturinstitusjonar. Eit desentralisert samlingsbasert tilbod bør vere første steg på vegen mot tilbod som samla sett kan gi bachelornivå, til dømes gjennom påbygging av fagutdanning.

På universitet- og høgskulenivå finns det i Møre og Romsdal per i dag ikkje utdanningstilbod knytt til profesjonsstudiar innan dei ulike kunstfelt, men Høgskulen i Volda har tilbod om bachelorgrad i musikk, kunst og handverk, teater og drama og animasjon, i tillegg kjem ei rekkje enkeltemne som til dømes entreprenørskap i kulturnæringane.

## Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) er kjernen i regjeringa sin politikk for profesjonell kunst- og kulturformidling til barn og unge. Eleven skal gjennom sitt 13-årige skuleløp oppleve seks definerte uttrykk<sup>7</sup>, og det er mellom anna eit ufråvikeleg prinsipp at tilbodet skal vere av høg kvalitet. Kunstnarar engasjerast til DKS på bakgrunn av kunst- og skulefaglege vurderingar, føringar i tildelingsbrevet frå Kulturtanken og ei heilskapleg programmering.

Det er fylkeskommunen si oppgåve å stimulere til at produksjonane oppfyller forventningane om innhald, og at nye blir utvikla. DKS skal verke positivt inn på utviklinga av både kunstaktørar og kunstfelt i Møre og Romsdal<sup>8</sup>, og kan vere oppdragsgjevar for den profesjonelle kunstnaren.

## Stipend og støtte til produksjon

Eit sentralt prinsipp for å kvalifisere til kunstnarstipend frå Møre og Romsdal fylkeskommune, er at kunstnaren bur og arbeider i fylket. Dette for å styrke rammevilkåra for kunstnarane, og for å fremje heilårsaktivitet. Kunstnarar initierer ofte aktivitetar lokalt, og bidreg dermed til å styrke det lokale kulturlivet gjennom heile året.

---

<sup>5</sup> [St.meld 9 \(2016-2017\) «Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning»](#)

<sup>6</sup> Campus-prosjektet sin overordna strategi for faglege satsingsområde skal leggjast fram i løpet av våren 2018.

<sup>7</sup> Film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst

<sup>8</sup> Jfr. sak KF-6/18

Fylkeskommunen har dei siste fem åra gradvis auka kunstnarstipendet, og det er i tillegg etablert eit eige arbeidsstipend for visuelle kunstnarar. Vidare er det igangsett eit pilotprosjekt for å teste ut ordningar med arbeidsfellesskap, og driftstilskota til Stiftinga Kulturkvartalet/KUBE og Møre og Romsdal Kunstsenter er auka.

For å sikre vidare kunstnarleg utvikling, er det også nødvendig å gje støtte til produksjon, både økonomisk og til kompetanseheving. Seanse, Senter for kunstproduksjon i Volda, er døme på slik støtte. Seanse arbeider for å styrke kvalitet i kunst for barn og unge, blant anna gjennom å tilby arbeidsopphald for kunstnarar i samarbeid med Høgskulen i Volda. Dei tek i mot søknader om arbeidsopphald innan alle kunstnarlege uttrykk.

Statens kunstnerstipend (SKS) er den viktigaste nasjonale ordninga for støtte til kunstnarar. Tildeling skjer på grunnlag av ei kvalitativ vurdering av kunstnarleg verksemd. I 2015 vart 12 prosent av søknader frå Møre og Romsdal innvilga, medan gjennomsnittet per fylke nasjonalt var på 19 prosent.

Totalt 2,34 millionar kroner (15 tildelingar) vart tildelt i form av arbeidsstipend, diversestipend og statens garantiinntekt. Dette er ni kroner per innbyggjar, noko som er 82 prosent under landsgjennomsnittet. Tildelinga fordelt per kunstnar busett i Møre og Romsdal var på 4 475 kroner, mot 11 812 kroner nasjonalt.

### **Verdiskaping i kulturell og kreativ næring**

Profesjonell kunstproduksjon og -formidling er definert inn i kulturell og kreativ næring i Statistisk sentralbyrå si næringsgruppering. Ei kartlegging frå 2014 viser positiv vekst i verdiskapinga i næringa for hele perioden 2008 – 2014<sup>9</sup>. I 2016 hadde kunstområda musikk, litteratur, visuell kunst og scenekunst nasjonalt ei samla omsetning på 13,7 milliardar kroner<sup>10</sup>. Tala viser at den totale omsetninga veks kvart år.

Trass dette, viser utgreiingar ein realnedgang i kunstnarleg inntekt frå 2006 til 2013. For mange kunstnarar har inntektskurva gått nedover, medan svært mange andre opplever ein kraftig lønnsvekst. Auka satsing på kreative næringar kan medverke til at dette blir endra.

Musikk- og litteraturbransjen har lange tradisjonar og godt etablerte strukturar mellom kunstnar og marknad, men slik er det til dømes ikkje innan visuell kunst. Resultatet kan vere låg omsetning og svakare kunstnarøkonomi. Det er derfor naudsynt å styrke apparatet mellom kunstnaren og publikum, til dømes gjennom å byggje opp og styrke produsentar, arrangørar, agentar og galleristar som bidreg til å promotere, marknadsføre og selje kunstnaren sitt arbeid. I tillegg er det viktig å leggje til rette for at den enkelte kunstnar kan auke sin eigen kompetanse knytt til dette.

### **Kunnskapsgrunnlag**

I eit demokratisk samfunn er det omsynet til ulike grupper av publikum og deira behov som legitimerer kunst- og kulturpolitikk. Til dette treng ein kunnskap. Arbeidet med Kunstpolitikk for Møre og Romsdal viser at dette er eit område kor ein treng meir kunnskap, både forskings- og erfaringsbasert kunnskap i tillegg til brukaroppleving. Dette vil gje eit betre grunnlag for framtidige prioriteringar.

---

<sup>9</sup> Kilde [Centre for Creative Industries ved BI](#), Kreative Næringer 2008 – 2014 BI:

<sup>10</sup> Kilde [Kunst i tall 2016](#)

## Utfordringar

Eit samla kunnskapsgrunnlag peiker på følgjande som dei største utfordringane for det profesjonelle kunstfeltet i Møre og Romsdal: (ikkje i prioritert rekkjefølge).

- Manglar tilstrekkeleg omfang av funksjonelle lokalitetar for kunstproduksjon og -formidling.
- Låg grad av kontakt og samarbeid mellom dei ulike kunstaktørane i fylket (gjeld både miljø, enkeltaktørar og institusjonane).
- Lite forskning, kunnskapsproduksjon og kunnskapsformidling på kunst- og kulturområdet.
- Få tilbod om høgare utdanning innan kunst- og kulturfag.
- Profesjonelle kunstnarar si inntekt er i for liten grad frå den kunstnarlege verksemda.
- Låg kunstnartettleik og låg grad av statlege SKS- og andre Kulturrådstildelingar.
- Kombinasjonsstillingar for kunstnarar er krevjande, og har for liten grad av utøvande verksemd i seg.
- Ikkje nok søkjelys på digitalisering og publikumsutvikling for at kunsten skal nå nye grupper av publikum.
- Få produksjonar blir utvikla i Møre og Romsdal.
- Få og for svake strukturar i apparatet mellom kunstnaren og publikum – til dømes galleri, produsentar og arrangørar.



## Ønska utvikling for profesjonell kunst i Møre og Romsdal

I Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017 – 2020 er det eit mål at «Kunst- og kulturformidling skal vere allsidig, kunnskapsbasert, av høg kvalitet og for alle.» Kunstpolitikk for Møre og Romsdal skal medverke til at fleire profesjonelle kunstnarar skal bu og leve i Møre og Romsdal.

Ønska effekt av arbeidet er:

- auka produksjon og formidling av profesjonell kunst innan alle kunstområda
- styrka kunstmiljø gjennom relevant og høg kompetanse
- vidare vekst i verdiskapinga knytt til den profesjonelle kunsten

### Satsingsområde og strategiar

Strategiane beskriv aktivitet for å nå den ønska utviklinga. Dei er sortert inn under tre prioriterte satsingsområde, og vil vere retningsgivande for fylkeskommunen sine framtidige økonomiske prioriteringar, kompetanseutviklingsprosjekt og kva for samarbeid eller partnerskap som blir inngått.

#### **Produksjon og formidling**

Møre og Romsdal fylkeskommune skal:

- Gjennom støtte til tiltak auke tal på produksjonar innan alle kunstområda.
- Stimulere til etablering av nye produksjons- og formidlingslokale for profesjonelle kunstnarar.
- Innrette tilskotsordningar for profesjonell kunst i tråd med regionale behov og i lys av nasjonale og lokale satsingar.

#### **Utdanning, forskning og innovasjon (Fol)**

Møre og Romsdal fylkeskommune skal:

- Prioritere nyskapande prosjekt innan alle profesjonelle kunstfelt.
- Bidra til å utvikle gode møteplassar og nettverk for profesjonell kunstnarar.
- Ta i bruk eksisterande forskning og resultat av utviklingsarbeid som grunnlag for nye tiltak.
- Arbeide for å auke tilboda om kunstfagleg utdanning på alle nivå.
- Leggje til rette for meir forskning på og kunnskapsproduksjon om kunsten si rolle i samfunnet.

#### **Entreprenørskap og næringsutvikling**

Møre og Romsdal fylkeskommune skal:

- Gjennom ulike tiltak leggje til rette for at ein større del av dei nasjonale verkemidlane og satsingar knytt til kunst og kultur blir tildelt kunstaktørar i Møre og Romsdal.
- Auke talet på levedyktige verksemder med kunstproduksjon og kunstformidling som formål.
- Styrke apparatet mellom den profesjonelle kunstnaren og publikum.